

Til

Landbruks og mat departementet /statsråd Sandra Borch
Kommunal og distrikts departementet v/statsråd Bjørn Arild Gram
Samferdsledepartementet v/ statsråd Jon Ivar Nygård
Klima og miljødepartementet v/statsråd Espen Barth Eide

Oslo, 21. mars 2022

Behov for meir tilpassa og velutrusta verktøykasse for å nå jordvernmåla.

Først vil me gje honnør til Regjeringa som i Hurdalsplattforma vil styrka jordvernmålet ved å redusere måлтаlet for årleg omdisponering av dyrka mark frå 3000 til 2000 dekar. Dette er rett og viktig for å sikra mest mogeleg eigna produksjonsareal for mat. Dei siste åra har me sett ein stadig søkkande sjølvforsyning i Noreg. Saman med klare varsel frå FN om redusert global matproduksjon i framtida grunna klimaendringar, understrek at det hastar med utvida jordverntiltak.

Me ber om at regjeringa set i gang ein rask prosess for å få eigna verkemiddel for å kunna nå dei stadig meir offensive jordvernmåla. I tillegg er det etter vår meining nødvendig å presisera og utvida desse måla, slik at også omdisponeringa av dyrkbar mark får eit eiga måltal, på same nivå som dyrka mark.

Det er nødvendig tverrdepartementale tiltak som er forpliktande og føreseielege, for å nå måla og at måla vert truverdige.

Innstramminga som er varsla frå Regjeringa vert dramatiske og tvinger lokale og regionale styresmakter til nytenking og reversering av tidlegare handlingsmønstre og utbyggingsplanar.

Av aktuelle tiltak vi ynskjer å få innført, nemner me:

- Kommunane må få eiga retningsgjevande, maksimal kvote for årleg nedbygging, berekna ut frå det nasjonale måлтаlet.
- Som eit strakstiltak bør statsråden sende ut eit brev til alle landets kommunar om at jordvernet skal skjerpast, og ved rullering av kommuneplanar skal omregulert dyrka/dyrkbar jord som ikkje er tatt i bruk til annet formål, tilbakeførast til matproduksjon.
- Kommunar som bryt jordvernreglar bør få trekk i rammetilskot.
- Det må verta eit forbod om å nytta dyrka og dyrkbar jord til bygging av bustad, fritidsbustad, næringsbygg, p-anlegg, og med sterk avgrensa tilgang til dispensasjon.
- Statsforvaltarens rolle i jordvernsaker bør utgreiast og forsterkast. Statsforvaltaren skal rådgje, kome med innvending og stogga prosjekt i kommunane som ikkje er i samsvar med nasjonale mål, retningslinjer og krav.
- Urealiserte reguleringsplanar som vil ta dyrka eller dyrkbar jord, bør slettast etter 8 år.

- Det må lagast ein plan for korleis ein kan gjere KOSTRA meir påliteleg.
- Det må utarbeidast nasjonale retningslinjer og standardarar for jordflytting og matjordplanar.
- Utforming av vegstandardar og val av vegkonsept i enkeltprosjekt har stor tyding for forbruket av dyrka og dyrkbar mark. Jordvernomsyn må ha større vekt ved revisjon av vegnormalane og når konkrete vegplanar vert utreda og vedtekne.
- Det må bli et krav at matjord som blir tatt ut av ein veg- eller jernbanetrase´ skal flyttast til nye matproduserande områder.
- Samferdsleprosjekt er offentleg eigde, og det må bli et krav at staten ikkje har høve til å nytta matjord til grøntanlegg, fyllmasser m.m i slike prosjekt. Andre masser som til dømes trespon og grus høver godt nok.

Våre organisasjonar er interesserte i og villige til å delta i dette arbeidet på dei eventuelle måtar som måtte vera ynskjeleg.

Bjørn Gimming
Norges Bondelag



Truls Gulowsen
Naturvernforbundet



Olaf Gjedrem
Jordvern Norge

